

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
031/20	Formannskapet	PS	19.03.2020
027/20	Kommunestyret	PS	08.04.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FE-144, FE-441, HistSak-14/916	20/234

### Smittevernplan for Austrheim kommune 2020 - Godkjenning

#### Vedlegg

Smittevernplan 2020 (utkast) (175994)

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune godkjenner Smittevernplan for Austrheim kommune 2020. Vedtaket er heimla i *Lov om vern mot smittsame sjukdommar* §§ 7-1 og 7-2 med forskrifter, men og i anna lovverk.

#### Formannskapet - 031/20 - 19.03.2020

#### FS - behandling:

Kommunelege Peter Kubon orienterte om arbeidet med ny smittevernplan.

- No er det gjort ein grundig revisjon av smittevernplanen. Arbeidet er gjort i samarbeid med dei andre kommunane i randkommunesamarbeidet, der kommuneoverlegane og andre i kommunehelsetenesta har jobba saman, og ein har også sett til andre kommunar for å få ein mest mogleg heilskapleg plan. Det faglege er felles, med lokale tilpassingar på funksjonar og namn i eigen kommune. Det er også sett på smittevernplanane til fylkeskommunen og sjukehusa, og no har smittevernplanen det innhaldet den skal ha. Planen skal vera eit fagleg godt arbeidsreiskap i arbeidet med smittevern.

I planen har ein oppdatert kontaktopplysningar for kvar kommune, men sjølv planen treng ikkje godkjennast på nytt dersom det berre er endringar i namn og nummer, eller det er nye kjelder det skal lenkast vidare til.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at planen vert sendt ut til medlemmene i kommunestyret, med beskjed om å melda skriftleg tilbake om dei støttar den eller ikkje. (Skal godkjennast av kommunestyret, men det er avlyst på grunn av Korona)

Kommunelege Kubon sa at planen skal sendast fylkeslegen med fleire når den er godkjent, det ordnar kommunelegen.

Inger Lise Brekke (H) spurte om planen alt var teke i bruk under den pågåande Korona-situasjonen.

Kommunelege Kubon svara at planen har mange element som har komme til nytte, som til dømes pandemiplanen ligg som tillegg i smittevernplanen.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

#### **FS - vedtak:**

Austrheim kommune godkjenner Smittevernplan for Austrheim kommune 2020. Vedtaket er heimla i *Lov om vern mot smittsame sjukdommar* §§ 7-1 og 7-2 med forskrifter, men og i anna lovverk.

### **Kommunestyret - 027/20 - 08.04.2020**

#### **KS - behandling:**

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

#### **KS - vedtak:**

Austrheim kommune godkjenner Smittevernplan for Austrheim kommune 2020. Vedtaket er heimla i *Lov om vern mot smittsame sjukdommar* §§ 7-1 og 7-2 med forskrifter, men og i anna lovverk.

#### **Saksopplysninger:**

Alle kommunane i Norge skal utarbeida ein smittevernplan. Dette for å sikra at smittevernarbeidet vert utført på ein fagleg god og lovmessig riktig måte. Føremål med ein smittevernplan er mellom anna å sikra innbyggjarar mot smittsame sjukdomar. Dette planarbeidet er heimla i *Lov om vern mot smittsame sjukdommar*. Smittevernplanen har blitt utarbeidd i eit samarbeid mellom kommunane Austrheim, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal. Planen byggjer på ei felles ramme med lokale tilpassingar. I Austrheim kommune har kontorleiar på Helseavdelinga, Sonja Håland og kommuneoverlege Peter Kubon delteke aktivt i dette arbeidet. Smittevernplanen som no er klar til godkjenning er nyrevidert, og vart tilsendt Austrheim kommune den 27.02.2020 frå kommuneoverlege Peter Kubon.

Smittevernfunksjonen i Austrheim kommune skal kunne ta vare på aktuelle kommunelegeoppgåver innan smittevern. Dette er skildra mellom anna i denne planen og i smittevernlova. Fastlegane i kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å følgje opp smittsame sjukdommar dei kjem i kontakt med i arbeidet sitt. Adresseliste over kommuneoverlege og stadfortredar for smittevern i kommunen er med i Smittevernplanen. Det er også med ein oversikt her over andre lokale ressursar / personar i Austrheim kommune og i regionen.

Smittevernplanen som no er oppe til godkjenning er nyrevidert, og vart tilsendt Austrheim

kommune den 27.02.2020 frå kommuneovelege Peter Kubon. Beredskapsplan for pandemisk influensa (del 10) er sjølvstendig med her, dette uavhengig av Korona viruset (COVID 19 – viruset). Utfordringa med Korona-viruset vert elles no følgd tett i vår kommune og region, den vert dekkja av Tjenesteavtale 11 og 12 i Samhandlingsstrukturen med aktuelle tilpasningar i oppfølginga i Pandemi-omtalen i Smittevernplanen. Informasjonsarbeid er og eit tema i Smittevernplanen. Smittevernplanen har med ein god oversikt over mange smittsame sjukdomar, den vil gje lesarane av planen ein god informasjon om staa i det norske samfunnet i dag. Her kjem det og gode råd til helsevesenet, men og gode råd til dei som får plagene og til dei pårørande. Her er det alt teke med frå hovudlus i skule og barnehage til kikhoste og tuberkulose.

Målet med Smittevernplanen er og å sikre at skriftleg informasjon omkring smittevern held høg fagleg standard og er oppdatert. Informasjonen må og koma til dei som treng denne. Smittevernplanen til Austrheim kommune har følgjande innhald:

## INNHALD:

	Side
1. <a href="#">Stedfortrederfunksjon</a>	3
2. <a href="#">Informasjon frå smittevernet</a>	4
3. <a href="#">Handtering av stikkskadar</a>	16
4. <a href="#">Infeksjonskontroll i helsetenesta</a>	18
5. <a href="#">Smittevernarbeid i normalsituasjon</a>	19
6. <a href="#">Beredskapsplan for utbrot med allmennfarleg smittsam sjukdom</a>	21
7. <a href="#">Meningitt i skule og barnehage</a>	23
8. <a href="#">Beredskapsplan for utbrot med næringsmiddelboren infeksjon/intoksikasjon</a>	26
9. <a href="#">Tuberkuloseplan for kommunen</a>	28
10. <a href="#">Beredskapsplan for pandemisk influensa</a>	37
11. <a href="#">Plan for legionellasmitte</a>	52
12. <a href="#">Telefonliste</a>	56

Vedlegg: Nasjonale faglige råd  
Pandemi.

## **Vurdering:**

Rådmannen vil peika på at kommunehelsetjenesta har lang tradisjon med førebygging og behandling av smittsame sjukdommar. Smittevernarbeidet har som målsettjing å sikra innbyggjarane eit vern mot smittsame sjukdommar ved å førebyggja dei, men og motverka at dei vert overført til innbyggjarane. Smittevernplanen vår skal omfatta dei tiltak og tjenester kommunen har for å førebygge smittsame sjukdommar og motverka vidare spreiiing.

Følgjande paragraf i *Lov om vern mot smittsame sjukdommar* er spesielt viktige for organiseringa av det kommunale smittevernarbeidet:

### **§ 7-1. Kommunen har ansvar for smittevernet.**

### **§ 7-2. Kommunestyret utpeikar ein kommunelege med særleg ansvar for smittevernarbeidet.**

Rådmannen vil understreka at smittevernplanen skal reviderast regelmessig og når det er trong for det. Smittevernlova pålegg kommunelegen å utarbeida forslag til kommunal smittevernplan og å leia og organisere dette arbeidet. Kommunelegen skal og syta for at det vert gjeve naudsynt opplæring og halde øvingar. Kommunelegen vil og ha ansvar for revisjon og vedlikehald av smittevernplanen. Rådmannen synes det er positivt at dette planarbeidet no er klar til politisk godkjenning. Det er stor mobilitet i samfunnet i dag med fare for spreiiing av smittesjukdommar. Folk reiser og tar med seg smittestoff heim. I samband med Koronaviruset (COVID 19 – viruset) som no har kome til landet vil nok mange meine at denne smittevernplanen er veldig dagsaktuell. Rådmannen vil understreka at Smittevernplanen er ein delplan i kommunen si samla helsetenesteplanlegging.

Rådmannen vil peika på at planen skal sikra at lova sine krav til kommunen sitt smittevern vert oppfylt, den er eit naudsynt verkty for å samordna ulike tiltak og ressursar. Rådmannen synes det planfaglege arbeidet som er gjort saman med dei andre kommunane er god og grundig. Rådmannen rår til at Austrheim kommune godkjenner Smittevernplanen for Austrheim kommune 2020 slik vedlagt utkast viser.

## **Konklusjon:**

Austrheim kommune godkjenner Smittevernplan for Austrheim kommune 2020. Vedtaket er heimla i *Lov om vern mot smittsame sjukdommar* §§ 7-1 og 7-2 med forskrifter, men og i anna lovverk.